

# Årsmelding, Kyrkjevika Hyttelag 2021.

## *Styret.*

Styret for 2021 konstituerte seg slik:

Lars Torpe	leiar	vald for 1 år (på val i 2022)
Bjarte Hellevang	kassastyrar	eit år igjen (på val i 2022)
Harald M. Madsen	skrivar	vald for 2 år
Vidar Torsvik	styrelem	vald for 2 år
Tor Henrik Hansen	styrelem	vald for 2 år
Aage Melstveit	vara	eit år igjen (på val i 2022)

Revisorar: Arild Sandven og Frode Melstveit

Valnemnd: Tormod Lunestad, Ingunn Melstveit og Torill Tverberg

## *Arbeid gjennom året*

Styret har hatt 4 møter i 2021 - 2022. Og dette året vart sterkt påverka av pandemien. Både konstitueringsmøtet 17 juni og dei seinare styremøta har difor vore elektroniske.

Årleg samarbeidsmøte med Rykkje Grendalag (RG) vart halde 04.10 med to punkt på saklista.

1) Videreføring av arbeidet med vinterbru for scooter ved Lomatjørn – dette vart stogga grunna neste punkt 2) NVE sin vilkårsrevisjon av kraftkonsesjonen for Bergsdalsvassdraget.

Me slo elles fast at organiseringa i dugnadslag og vedlikehaldet av parkeringsplass / båtopptrekk fungerer godt. Konkret resultat frå møtet vart høyringssvar til NVE som me vil sei meir om nedanfor.

## **Skutertrasé / sti med bruer frå Hamlagrøosen**

Tormod Lunestad har gjort eit godt arbeid med å merka vinterruta frå Lie med nye refleksar. Det er prøvd ein ny patent me trur skal visa betre enn dei som var der før.

Vidare arbeid er lagt på is til etter at vilkårsrevisjonen for Bergsdals- og Torfinnsvassdraget er avgjort. Då veit me meir kva me har å halde oss til.

## **Helikoptertransport**

Helikoptertransport vart gjennomført 26. juni under leiding av Geir Hammarqvist som og tok seg av søknader ol. Alt gjekk vel med god organisering og gjennomføring.

## **Høyringssvar til NVE i samband med vilkårsrevisjon for Bergsdals- og Torfinnsvassdraget.**

I sommar kom me heilt tilfeldig over ei dokument som viste at det var opna for revisjon av reguleringsvilkåra i Bergsdals- og Torfinnsvassdraget. Det vil og sei Hamlagrøvatnet som er det største magasinet i vassdraget.

Etter ein lang prosess og i samarbeid med RG med fleire, fekk me levert vår høyringsfråsegn. Vidare har me gjort vårt syn kjent for kommunar og fylkeskommune for å få dei og til å stilla krav til NVE. I samarbeid med andre interesserte kring vatnet har me og freista påverka ålmenta.

### **Program for året**

Planlagt program for året vart og i år redusert grunna pandemien.

Påskerennet vart avlyst då det på den tida kom innstramming i reglane.

Olsoksamlinga ved Orfallet vart det med fint ver, stort bål og 10 frammmøtte.

### **Parkeringsplass og båtopptrekk.**

Det vart utført eit svært godt og nyttig arbeid av Frode Melstveit, Tormod Lunestad og Geir Hammarqvist i slutten av mai. Plast er montert på midtstokkane i opptrekket og det er no mykje lettare å setja ut/dra opp båtar.

### **Medlemslister / medlemskontingent.**

I dei siste par åra har ein del hytter fått nye eigarar. Nokre er selde mens andre er skøyte over på neste generasjon. Begge høve har gjort det krevjande å halda orden på medlemsregisteret.

Me vil oppmoda dei som sel eller overdreg hytter om å melda frå til hyttelaget om ny eigar.

Harald Madsen, skrivar